

Årsmelding

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde

2017



Risbotnen og Gjengedalen i Hyen

Foto: Alf Erik Røyrvik

Verneområdeforvaltar
Alf Erik Røyrvik

1. Generelt

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009, og det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km², og ligg i kommunane Gloppen, Naustdal, Jølster og Førde.

Styret

Det vart konstituert nytt styre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet i 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Det nye Naustdal-Gjengedal verneområdestyre konstituerte seg på styremøte 11.mars 2016.

Det nye verneområdestyret for perioden 2016-2019 ser slik ut:

Verv	Namn	Represeinterer	Vararepresentant
Leiar	Håkon Myrvang	Naustdal kommune	Annlaug Birkeland
Nestleiar	Oddmund Klakegg	Jølster kommune	Ragnhild Sæle
Medlem	Iris Loftheim	Førde kommune	Liv Løken
Medlem	Leidulf Rygg Bogstad	Gloppen kommune	Gunvor Sunde
Medlem	Gunhild Berge Stang	Fylkeskommunen	Erlend Haugen Herstad

Styret har hatt 4 styremøte i 2017. Tre av desse var fysiske møter; to i Førde og eitt på Jølster. Eine møtet var telefonmøte. Totalt har det blitt handsama 25 formelle styresaker i desse møta.

Verneområdeforvaltaren har delegert mynde til å fatte delegerte vedtak i kurante saker, etter visse retningslinjer. I 2017 har det blitt fatta sju slike delegerte vedtak.

Delegeringsreglementet har i praksis eliminert behovet for arbeidsutval. Det nye verneområdestyret har derfor ikkje oppretta arbeidsutval.

2. Saker

Talet på saker i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet er på eit lågt til middels nivå samanlikna med andre store verneområde. Saksmengda gjekk ned dei første åra, sidan ein fekk plass fleirårige løyver for årvisse transportbehov. No ligg saksmengda på eit stabilt nivå. Dei fleste vedtakssakene er motorferdselsaker, men det vert og handsama nokre bygge-/inngrepssaker og ein del administrative saker. Motorferdselsakene er som regel kurante og vert handsama med delegert mynde. Bygge- og inngrepssakene er naturleg nok meir kompliserte og krevjande.

Motorferdsel

Her er dei løyva til motorferdsel som har blitt gjevne i 2017. Alle løyva er gjevne med delegert mynde.

Søkjar	Type løyve	Føremål	Omfang/ mengde	Kor
Grunneigarane i Ryssdal	Snøskuter	Transport av trekloppar	Inntil 10 turar	Ryssdal
Indre Sunnfjord Turlag	Snøskuter	Transport av vindauge	1 tur	Vona – Longevasshytta
Nils Magne Gjengedal	Snøskuter	Transport av materialar	2 turar	Gjengedal – Måsevassdalen
Søreide og Ryssdalen beitelag	Snøskuter	Transport av saltstein	3 turar	Jardalen og Vardevatnet
Indre Sunnfjord turlag	Helikopter	Transport av materialar	Inntil 4 landingar	Longevasshytta
Bygdeservice/ Ola Arnestad	Båt med motor	Transport av materialar	Inntil 10 turar	Langedalsvatnet
Fitje sameige	Båt med motor	Transport av materialar/naust	Inntil 10 turar	Langedalsvatnet

Byggesaker

- Den mest omfattande saka i 2017 handla om gjetarhytte i fjellet innanfor Risbotnen i Grunneigar og beitelag søkte om å få føre opp ei gjetarhytte her for å gjere tilsyn og sinking enklare. Verneområdestyret gav løyve til dette. Villreinnemnda i Sogn og Fjordane klaga på vedtaket, då dei meinte at det ikkje vart teke nok omsyn til villreinen sin bruk av dette området. Miljødirektoratet handsama klagan, og gjorde om vedtaket til verneområdestyret då dei meinte at styret ikkje hadde heimelsgrunnlag for vedtaket sitt. Søknaden om å bygge hytte vart derfor endeleg avslagen.
- Mardal og Fitje sankelag fekk løyve til å føre opp eit grindbygg ved sankekvia si ved Fitjestøylen. Grindbygget skal huse grindar, gjerde og anna utstyr dei brukar under sinking og sortering av sauene.
- Fitje Sameige fekk løyve til å rive ned eit gammalt naust og bygge opp eit nyt og liknande, men litt større, naust.
- Audun Rygg fekk avslag på søknad om å føre opp hytte på gamle fjøstuftar på Dalsbøen i Traudalen.

Inngrepssaker

- Mardal og Fitje Sankelag fekk løyve til å sette opp to bruer ved Stoa i Langedalen.

Andre saker

- Verneområdestyret vedtok retningslinjer for handsaming av «dronesaker» i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.
- Administrative saker som prioritering av tiltaksmidlar, budsjett osb.
- Totalt seks referatsaker vart lagt fram for styret i løpet av året.

Besøksstrategi

Både styre og forvaltar har jobba mykje med besøksstrategi i 2017. Styre og forvaltar hadde eit framlegg til strategi klart i juni, som vart sendt til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning før høyring. Direktoratet hadde ein del tilbakemeldingar, og fram mot jul har forvaltar jobba med å få godkjent strategien. Vi vonar at vi kan få sendt besøksstrategien ut på ei enkel høyring vinteren 2018.

Skjøtselsplan for støytsmiljøa

Verneområdestyret fekk tildelt midlar til skjøtselsplanarbeid frå Miljødirektoratet i 2017, etter at ein meldte inn behov for å få laga skjøtselsplanar for nokre av støytsmiljøa i verneområdet; Dalsbøen, Arnestadstøylen og Fitjestøylen. Etter råd frå styret gjekk forvaltninga inn i eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Studentar innan landskapsplanlegging brukar no dette skjøtselsplanarbeidet som studentoppgåver. Dette ser vi på som ei god løysing og som ein «vinn-vinn-situasjon». Forvaltninga får mykje feltarbeid for pengane og studentane får jobbe med reelle problemstillinger.

Dette arbeidet held fram i 2018. Studentane skal levere oppgåvene før sommaren, og dei skal då levere sine forslag til skjøtselsplan for desse områda. Etter det bør vi leige inn ein profesjonell konsulent til å kvalitetssikre arbeidet og utarbeide endelige skjøtselsplanar.

Studentane, faglege rettleiarar og forvaltninga har hatt eit godt samarbeid med med grunneigarane i arbeidet.

Uttak av jerv i Naustdal-Gjengedal

Rovdyrforvaltning er normalt ikkje verneområdeforvaltninga sitt bord, men som ein del av «statsforvaltninga» er det ikkje uvanleg at ein er med å bidreg der det trengs. Verneområdeforvaltninga, først og fremst ved naturoppsyn men og til dels forvaltaren, vart derfor involvert når det vart dokumentert spor etter jerv i Naustdal-Gjengedal. Dei første spora vart funne i Jølster i slutten av mars, og seinare var det jamlege sporobservasjonar og ein synsobservasjon i fjella mellom Naustdal og Hyen.

Mot slutten av april vart jerven felt av Statens naturoppsyn sin fellingsleiari, med hjelp av helikopter. Jerven vart då først observert inst i Langedalen i Gloppen, seinare spora opp og bedøva ved Strandaskaret, og deretter avliva når det vart slått fast at det var ei tispe utan ungar. Fellinga vart gjort muleg gjennom eit godt samarbeid mellom dei offentlege og dei private aktørane. Både under sporing og registrering, og under sjølve fellinga.

3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2017	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars
Lønn og sosiale utg	667 232	663 032	333 616	335 942	333 616	327 090
Drift forvaltar og knutepunkt		71 118		38 928		32 190
Drift styre	170 000	99 293	90 000	27 666	80 000	71 627
Planarbeid	80 000	21 260	80 000	21 260		
Tiltaksmidlar	520 000	287 718	460 000	287 718	60 000	0
Tot	1 142 421		711 514		430 907	

Når vi samanliknar rekneskapen for 2017 med føregåande år, so ser vi at vi har brukt vesentleg mindre midlar i 2017 enn i 2016. Dette kjem først og fremst av at vi i 2016 hadde kostnadars til trykking av forvaltningsplan og til kompetanseprogram for nye styre. Soleis er vi i 2017 tilbake til eit «normalår». I tillegg både fekk og bruke vi vesentleg mindre tiltaksmidlar, av ulike årsaker.

Generelt sett kan vi seie at drift og bruk av midlar er innanfor budsjetta og at vi har god kontroll på forbruket.

4. Tiltak / bruk av midlar

Bruk av midlar:

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde fekk tildelt 460.000 i tiltaksmidlar i 2017. Desse vart nytta på følgjande måte:

Tiltak	Budsjett	Sum	Merknad
Skjøtsel Arnestadstøylen	10.000	10.000	Årleg skjøtsel
Utbetring av stien opp Geitabykset	300.000	108.438	Planlegging og førearbeid. Arbeidet vil halde fram i 2018. (Sjå merknad*)
Stien langs Stegvatnet	50.000	49.950	
Stien til Arnestadstøylen	24.000	24.000	Fleirårig tiltaksplan 2016-2018
Stien langs Storevatnet (mot Byrkjeneset) / Ulike stiltakt	66.000	67.850	Kjøpt materialar og tenester og starta opp i 2017. Vert gjort ferdig i 2018.
Kjøp av trekloppar		17.250	
Innkjøp av nye løveskilt	10.000	10.230	
Totalt	460.000	287.718	

*Då det vart klart at vi ikkje kom so langt som vi hadde tenkt i 2017, so vart 100.000 av midlane som var prioritert til dette tiltaket meldt inn til Miljødirektoratet som ubrukte restmidlar, med oppmading om å få desse midlane «tilbake» neste år.

Tilrettelegging:

Som vanleg vart dei fleste midlane nytta til tilrettelegging for ferdsel. Utbetring av stiane opp Geitabykset, langs Storevatnet, til Arnestadstøylen og langs Stegvatnet er alle gode tiltak for å gjøre ferdsel betre, enklare, tryggare og/eller meir skånsam for terrenget. Tiltaka er godt planlagt og dei fleste er i tråd med prioriteringar som er gjort i arbeidet med besøksstrategi. Slik sett kan ein seie at verneområdestyret jobbar i tråd med besøksstrategien før den er formelt godkjent.

Tiltaka er gjort i samarbeid med grunneigarane, og sjølve utføringa er det enten grunneigarane sjølv eller tenesteleverandørar som har stått for.

Skjøtsel:

Arnestad grunneigarlag har gjennomført slått på Arnestadstøylen. Dette er eit årleg tiltak.

5. Fagleg Rådgjevande utval

Fagleg Rådgjevande utval er samansett slik:

Nils Magne Gjengedal (leiar)	grunneigar Hyen
Ole Gimmetstad	grunneigar Sandane
Svein Egil Svorstøl	grunneigar Naustdal
Lars Indrebø	grunneigar Førde
Inge Erikstad	grunneigar Jølster
Kjell Arne Hjellbrekke (nestleiar)	Sogn og Fjordane Turlag
Erik Solheim	Naturvernforbundet S&F
Erlend Aunevik	Nordfjord Folkehøgskule
Ann Helen Blakset	Reisemål Stryn & Nordfjord
Julie Sotnak Aaland	Sunnfjord Næringsutvikling
Vidar Aa. Djupvik/Torger Eimhjellen	Førdefjella Villreinutval

Det står i vedtekten til verneområdestyret at det skal oppnemnast eit Fagleg Rådgjevande utval. Dette utvalet skal vere samansett av grunneigarar og ulike brukarinteresser, og det skal vere rådgjevande ovanfor styret. Utvalet vart først oppnemnt i 2012 og deretter rullert i 2015. Utvalet har hatt eitt møte i 2017, den 22. november på Jølster.

6. Forvaltar

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Rørvik (busett i Hyen). Han vart vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han delar kontor med Statens naturopsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernombord.

Naturopsyn er Rune Holen (busett i Olden). Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både under planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og i dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2017:

- 23.-24. mars, Fagsamling for forvaltarar i S&F, Hordaland og Buskerud, på Geilo
- 26.-28.september, Fagsamling for forvaltarar i Tromsø.
- 4. og 5.desember, Fellessamling for miljøvernnavdelingane i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Møteverksemnd

- Avdelingsmøter, personalsamling og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane.
- Møter med organisasjonar og næringsliv.
- Møte med reiseliv/destinasjonsselskap.
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

Verneområdeforvaltaren og naturopsyn har vore på ein del synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

Verneområdeforvaltaren er tilsett hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, som dermed har arbeidsgjevaransvar og administrativt ansvar for drifta av sekretariatet. Regjeringa har bestemt at fylkesmannsembeta i Sogn og Fjordane og Hordaland skal slåast saman frå 2019. Det betyr ein del administrative og organisatoriske endringar hjå Fylkesmannen, men det skal ikkje gå ut over oppgåvene som forvaltar skal gjere for styret og verneområdet.

7. Bilete frå 2016



Bilete 1. Reinsflokken i Førdefjella på vinterbeite ved Vardevatnet. Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 2. Dokumentering av jervespor ved Vonaskaret i april.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 3. Stien langs Stegsvatnet i Jølster.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 4. Stegsvatnet, Årdalskupa og Kupevatnet.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 5. Forvaltaren nyt utsikta frå Ryssdalhornet mot Sandane.



Bilete 6. Restøylen i Gloppen

Foto: Alf Erik Røyrvik




Bilete 7. Grunneigarar og turlag på synfaring ved Stegsvatnet.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 8. Synfaring på stien i Geitabykset med naturoppsyn og ingeniør.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 9. Området der grunneigar og beitelag sökte om å bygge gjetarhytta.

Foto: Alf Erik Rørvik



Bilete 10. Utbetring av stien langs Stegsvatnet.

Foto: Inge Erikstad



Bilete 11. Brua over elva i Byrkjeneset. Endra elveløp etter flaum i juli 2017. Foto: Alf Erik Rørvik



Bilete 12. Langedalen i Gloppe.

Foto: Alf Erik Rørvik